

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: Kommunehuset
Møtedato: 19.10.2004 **Tid:** 15.00-17.10

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 5 , inkl. 0 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Thomas Moss

Geir Markhus

I staden møtte:

Andre som var tilstade på møtet: Ass.adm.sjef og ordførar under sak 14/04.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 21. oktober 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokoll vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Nils Gåsdal stilte spørsmål om status for arbeidet med bassenget. Ass.adm.sjef orienterte om at det kjem informasjon om dette til kommunestyremøtet 4. november.

Audhild Olsnes orienterte om SU-møtet i Nordbygda skule og barnehage.

Nils Gåsdal orienterte om SU-møtet i Gjerde skule og barnehage.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Kulturprisen vil verta delt ut på kommunestyret den 4. november.

Utvalet vil få tilsendt møtereferatet frå styringsgruppa til den kulturelle skulesekken i lag med møteboka.

Ordføraren og pedagogisk konsulent vil delta ei veke i partner møte i Sigowet. Dei skal reise til Kenya den 12 november. Kommunestyremøtet vert difor flytta til den 21. desember.

Arbeidsgruppa for Tusenårsstaden tek sikte på å sende ut ei brosjyre og opna kulturstien på vårparten 2005. Med reguleringsplanen for Ytre Tysse i botn kan arbeidsgruppa starte opp arbeidet med ein tusenårspark ned på Tysse.

Ass.adm.sjef orienterte om "frivillighetsprisen 2004". Utvalet hadde ikkje kandidatar til dette i år.

Utvalet nemner opp følgjande representantar til Hordaland barnevernsamband; Audhild Olsenes og Liv Berit Khador (vara).

Utvalet nemner opp følgjande arbeidsgruppe til å arbeide for 100-årsjubileet for unionsoppløysinga:

Nils Gåsdal, kulturkonsulenten (sekretær) og 2 representantar frå historielaget.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

| Utvalgssakstype/nr. | Arkivsaksnr. Tittel |
|----------------------------|--|
| 0014/04 | 02/00465 SAMORDNING AV AETAT, TRYGDEETAT OG SOSIALTENESTE. |

0014/04

SAMORDNING AV AETAT, TRYGDEETAT OG SOSIALTENESTE.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune meiner at det er kommunane som må ha hovudansvaret for heilskapen og oversynet andsynes dei brukarane den nye arbeidslinja vil omfatta. Dette vil sikra meir einskap, og vera viktig i koordinasjonen av heile spekteret av ytingar og tiltak. Kommunen ønskjer at dette vert lagt til grunn for det vidare samordningsarbeidet av aetat, trygdekontor og sosialtenesta.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune meiner at det er kommunane som må ha hovudansvaret for heilskapen og oversynet andsynes dei brukarane den nye arbeidslinja vil omfatta. Dette vil sikra meir einskap, og vera viktig i koordinasjonen av heile spekteret av ytingar og tiltak. Kommunen ønskjer at dette vert lagt til grunn for det vidare samordningsarbeidet av aetat, trygdekontor og sosialtenesta.